

Kompassrosa på Høgestølen.

For eitpar år sidan skreiv eg, Jan Willy Folgerø-Holm, om denne rosa på mi fb side, men gjentek det her:

Kompassrosa på Høgestølen.

Desse kompassrosene er forholdsvis vanlige langs kysten, det skal vera funne 39 slike roser på strekningen frå Bergen til ytre Oslofjord. Den næraste i vårt område er funnen på Nautøy ved Bakkasund.

Dei fleste av desse rosene ligg på utsiktspunkt, og nokre teoriar er at dei er «peileskiver» for losar som låg med kikkert og speida etter skuter som trong los.

Men kvifor er dette et tema i historia om Foldrøyhamn?

Rundt 1890 fann Magnus K. Stølen ei slik rose på Høgestølen, eit høgdedrag nord vest for Foldrøyhamn. Den er ganske lita, om lag 35 cm i diameter, men tydelig nok.

Men korleis kan dette passa inn i teorien om at desse rosene var hoggen inn av losar?

Lokalhistorikaren Johan Anton Wikander frå Arendal har skreive ei 17 siders artikkel om nettopp denne rosa i Sjøfartshistorisk årbok, Bergen 2004. (ligg på nettet) Kompassrosa på Høgestølen er som sagt om lag 35 cm i diameter, og den har 32 inndelingar med ein tydelig trekant som symbol mot nord.

Og det er nettopp denne trekanten som kan gje oss ein peikepinn om når rosa vart innhoggen.

Kart som er laga frå ulike stader i Europa brukar dette symbolet for nord- retningen i ein periode frå 1480 og utover heile 1500 talet. Det er meir enn trulig at denne rosa på Høgestølen er hoggen inn i denne tidsperioden.

Kompassrosa har 0 grader misvising. Om ein reknar det som sannsynlig at dei har hatt ein kompass av eit eller anna slag, må det ha vore i ein periode kor misvisinga er null.

Slik har ein to haldepunkt for tidsavgjerda; nord-symbolet, og misvisinga. Begge peikar mot ein tidsperiode rundt hundreårsskiftet mellom år 1400 og år 1500.

Men kven har hogge den inn i fjellet?

Meste truleg er det menneskap på båtar som har lege i Foldrøyhamn, og som har hogge inn rosa mens dei venta på høvelig vind.

Av forståelege grunnar ynskjer ikkje grunneigarane noko «valfarting» til denne kompassrosa, så de får nøya dykk med dette biletet.

Uansett er kompassrosa ennå eit prov på at Foldrøyhamn var eit knutepunkt for dei som segla til og frå Bergen. Fleire utgåver av kart frå 1540 og utover viser det same.

Og det var ikkje kven som helst som har segla gjennom Stokksundet for tre -fire hundre år sidan.

I 1599 hadde Bergen vitjing av kong Christian IV, då han var på reise sørover frå Kola(!).

